

Styremøte Alver kulturråd

26 mai 2020

- **Stad: Kantina KIM**
- **Dato og tid: måndag 25 mai 2020 kl 18**

		Styrefunksjon	Mobiltlf	E-post
Arild Hagenes	OK	Styreleiar	990 34 535	nordhordland.husflidslag@outlook.com
Johan Myking	OK	Sekretær	950 82 751	jmykin@online.no
Per Ole Ekker	OK	Kassserer	995 54 540	per-ole.ekker@alver.kommune.no
Jegvan Kaarbø	Ikkje møtt	Styremedlem	911 48 103	jegvan.kaarbo@gmail.com
Raymond Solli	Meldt avbud	Styremedlem	476 12 038	raysolli@online.no
Mette Marei Træland	Meldt avbud	Styremedlem	971 59 640	zoti@online.no
Sissel Fløysand	OK	Styremedlem	957 60 989	sisselfloysand@gmail.com
Gro Sundal	OK	1 varamedlem	905 47 740	gro.sundal@bkkfiber.no
Hilde Hagesæter	Ikkje møtt	2 varamedlem	414 05 376	hilde.alvaer@hotmail.com

Sakliste:

Sak 12-2020 Godkjenning av innkalling og saksliste

Godkjent

Sak 13-2020 Referat frå siste møte

Godkjent med kommentar om at styret ikkje har fått referatet tilsendt. Per Ole beklager at dette har skjedd. Referat frå styremøta vert sendt ut på epost og lagt ut på heimesida til Knarvik Frivilligsentral.

<https://knarvik.frivilligsentral.no/dokument?Alverkulturrad&Id=78485>

Sak 14-2020 Kulturmidlar

Styret fekk tilsendt ny versjon av oppsettet av kulturmiddeltildeling for våren 2020 to dagar før styremøtet. Dette er særst lita tid til å setje seg inn i eit så omfattande oppsett. Styret vil kome med ein uttale på kulturmidlar som difor berre kan vere av heilt generell karakter. Styret gav leiar og eit styremedlem mandat til å avtale møte med kulturkonsulent slik at feil i oppsettet blir retta og at Alver kulturråd sine merknadar blir høyrd.

Forslag på uttale på innstilling til kulturmidlar blir sendt til styret for godkjenning.

Sak 15-2020 Innspel frå Lindås Seniordans

Lindås Seniordans er ein aktivitet under Lindås pensjonistlag. Seniordansen skriv i eit brev til Alver kulturråd at dei meiner det er urimeleg at ein slik aktivitet skal betale leige i ei lokale i Lindåshallen. Alver kulturråd er ein medlemsbasert organisasjon som i utgangspunktet kan handsame saker frå eigne medlemslag. Lindås pensjonistlag er ikkje medlem i Alver kulturråd. Men i rolla som samlande kulturaktør på tvers av aktivitetar, er ei slik sak aktuell for Alver kulturråd å ta stilling til på vegne av sine medlemslag.

Det har lenge vore diskusjonar kring frivillig aktivitet og bruk av kommunale lokalar. Og det har dei siste åra vore positiv vilje frå både administrasjon og politikarar til å sjå nærare på heilskapen i korleis dette eigentleg slår ut for frivillig aktivitet. Særskilt gjeld dette bruk av lokalar som er finansiert av spelemidlar for idrett og kultur. Alver kulturråd treng meir tid til å setje seg inn i saka og vil sende eit førebels svar til Lindås Seniordans/Lindås Pensjonistlag med kopi til kulturadministrasjonen.

Sak 16-2020 Ymse – ingen saker

Møtet ferdig kl 21:15

Per Ole Ekker | for Alver kulturråd

E-post: per-ole.ekker@alver.kommune.no | Telefon: +47 56 37 51 54 / 995 54 540

-Sign.-